



## Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet

# REFERAT styringsgruppemøte 28.11.2022

**Tidspunkt for møte: 28.11.2022, kl 1000 – 1300**

**Stad: Teknisk bygg Vindafjord kommune, Sandeid**

### Til stades

Signe Theilmann Jensen -Vindafjord kommune

Leif Kåre Solheim - Karmøy kommune - Nestleiar.

Lene Røkke Mathisen - Haugesund kommune

Ole Johan Vierdal - Vindafjord kommune

Stig Arild Helgesen - Norsk bonde- og småbrukarlag

Bjørg Karin Dysjaland - Norsk landbruksrådgiving Rogaland

Margit Reiersen - Statsforvaltaren i Rogaland (Teams)

Anneli Vatshaug Jenssen - Rogaland Fylkeskommune (Teams)

Anders Eidhammer - Frivillige tiltak i landbruket – Haugalandet

Leiar Adelheid Eikje ikkje til stades grunna sjukdom.

### Saksliste

- **Sak 1**

Godkjenning av referat frå styringsgruppemøte 05.09.22

- **Sven-Kato lurar på om årshjul for kommunane er påbegynt. Det er ikkje starta opp.**

**Elles godkjent.**

## Godkjent

- Sak 2.

Orientering frå prosjektleiar

- Karmøy;

- Langåkerprosjektet – informasjon om prosjektet og status

**Anders Eidhammer:** Tverrfagleg samarbeidsprosjekt der ein intensiverer innsatsen mot Langåkeråna. Vann og avløp, landbruksavdeling og miljøavdeling er involvert.

Det sendes snart ut informasjonsbrev der ein informerer om prosjektets mål og eventuelle konsekvensar det har for grunneigarar og bønder langs elva. Det blir tatt vassprøvar på 4 punkt langs elva kvar 14. dag. Dette blir utført av prosjektleiar. Vidare skal det utførast miljøkontrollar på gardsbruka langs elva, og informerast og oppmodast om miljøvenleg gjødselspreiing.

- **Ole Johan Vierdal** lurar på om det eksisterer planar for vidare skjøtsel av kantvegetasjon og kva regelverket tilseier.
- **Sven-Kato Ege** svarar at ein har lov til å ta tre for tre, men ikkje utføre flatehogst. Det må då søkast til Statsforvaltar om tillating.
- **Stig Arild Helgesen:** Det må utførast skjøtsel som er berekraftig for framtidige generasjonar. Det må også vere god informasjonsflyt i forbindelse med skjøtsel av kantvegetasjon. Så forvaltning og grunneigar er einig om verdien av kantvegetasjon, vil resten av arbeidet gå greitt. Forvaltning og grunneigarar må vere våkne på tap av tilskotsareal. Forvaltninga bør vere ærlege på at tilskotsareal blir vurdert ut frå bilete, og at grunneigarar må ta kontakt med forvaltninga sjølv om dei meiner noko er feil.
- **Björg Karin Dysjaland:** Viktig med informasjonsflyt mellom forvaltninga og grunneigarar. Lurar på om det finnes det infoskriv eller handbøker for skjøtsel og forvaltning av kantvegetasjon?
- **Sven-Kato:** Informasjonsarbeidet pågår kontinuerlig. Det må vere naturleg for det geografiske området at det er kantvegetasjon. I Vindafjord er det ein heil del naturleg kantvegetasjon, medan det på Jæren ikkje er noko særleg av det. Landbruket og kantvegetasjonen må kunne gå hand i hand, sam at det må vere praktisk for bonden.
- **Lene Røkke Mathisen:** Finnes handbok og rapport for skjøtsel og handtering av kantvegetasjon frå austlandet. Usikker på lokasjon og namn.
- **Margit Reiersen og Anneli Vatshaug Jensen:** Det finnes rapport og foredrag frå kantsoneprosjekt gjort av Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Skal ettersende dette.
- **Sven-Kato Ege:** Må vere god kommunikasjon mellom FTIL og kommunane om kva planter som skal plantast. Må vere naturleg, effektivt og fornuftig. T.d. passar det ikkje med typiske hageplanter i naturlege habitat.

- **Alle:** Diskusjon rundt rådyrbeiting av kantvegetasjon som er planta. Bør takast omsyn til ved bestilling av planter. Rådyra er selektive når det kjemt til kva dei likar å beite på, samt at det førekjem ein del feing av gevir på stammene til plantene.
  
- Haugesund;
  - Dubberselva – kantvegetasjon – Oppsummering – vegen vidare.
  
  - Anders Eidhammer:** Er planta ut ca. 450 planter langs bekken med hjelp av Skeisvang vidaregåande skule. Gode moglegheiter for meir samarbeid med Skeisvang ved seinare høve. Vidare skal ein prøve å samle forpaktarar av jorda langs vassdraget til eit møte for å oppdatere jordleigeavtalane med Haugesund kommune som er grunneigar. Dette for å skape ryddige forhold, og for å prøve å påverke til miljøvenleg gjødselspreiing og å ta omsyn til vassdraget.
  
- Tysvær;
  - Kantvegetasjon – Skjoldastraubekken og Naustvika - Oppsummering
  - Årsmøte Tysvær Bondelag
  - **Anders Eidhammer:** Naustvikprosjektet blei lagt på is pga høge kostnader. Kantvegetasjon som var bestilt inn blei omdirigert til bruk i Karmøy kommune. Ved Skjoldastraubekken har ein fått til eit godt samarbeid med grunneigar, og dette nyplanta området skal komme til gode for både vassdraget, jordbruket langs bekken og for framtidige brukarar av natursti som skal etablerast. Deltok på Tysvær Bondelag sitt årsmøte for å informere om ny prosjektleiar og kva prosjektet inneber. Positiv inngangsport for å nå bøndene.
  
- Vindafjord;
  - Kantvegetasjon – Åmselva- Oppsummering
  - Årsmøte Skjold Bondelag
  - **Anders Eidhammer:** Planting langs sidebekk av Åmselva i regi av Vindafjord Jeger og Fiskeforeining. Aktivt jordbruksområde som heller ned mot bekken. Ein reknar med at kantvegetasjonen vil ha god effekt på å ta opp næringsstoff før det når bekken. Deltok på årsmøte i Skjolda Bondelag med informasjon om prosjektet og vegen vidare for miljøavtalane rundt Skjoldafjorden. God respons blant deltakarane som verka oppriktig interessert i å gjere meir for vassmiljøet i bygda. Lett diskusjon og info rundt miljøvenleg gjødselspreiing og RMP og SMIL.

**Stig Arild Helgesen:** Kan det vere ein ide for kommunane å ha eit lager med kantvegetasjon ståande. Prosjektleiar kan skjytte desse plantene. Om ein treng hjelp til å gjennomføre praktiske ting som planting og anna; Bruke personell frå kommunen med aktivitetsplikt. Tysvær kommune har ein

mange personell i denne kategorien i arbeid. Kan brukast til mange ulike ting. Stig Arild fortel om korleis dei blir brukt i hans stilling i teknisk avdeling i Tysvær kommune.

**Signe Theilmann Jensen:** GNIST vaktmestertjeneste i Vindafjord kan også vere aktuelle.

**Margit Reiersen:** Lurer på om det er mangel på personell eller pengar som kan vere eit problem angående planting av kantvegetasjon.

**Sven-Kato Ege:** Svarer at det ikkje er mangel på verken pengar eller personell, og at dette er eit enkelt billig og effektivt tiltak for å styrke elveleiet, skape betre økologisk status, betre vasskvaliteten og å hindre næringsstoff på avveie å nå vassdraget.

**Margit Reiersen:** Nemner at det må vere fokus på RMP, SMIL og landbruket oppe i alt med kantvegetasjon og steinutlegging. Syns det er flott at det har vore fokus på breidde på kantsone og problemstillingar rundt utslepp, og det er bra med fokus på jordleigeavtaler.

**Ole Johan Vierdal:** Lurer på fleksibiliteten rundt jordleigeavtaler. Seier desse avtalane kan verke noko firkanta. Påfølgande diskusjon rundt fleksibiliteten i jordleigeavtaler blant dei ulike kommunane.

**Stig Arild Helgesen:** Nemner at kommunen bør ha fokus på brakk-areal.

**Bjørge Karin Dysjaland:** NLR vil gjerne ha samarbeid med å formidle suksess-historiar frå landbruket angående tiltak for å forbetre vassmiljøet. NLR gir ut infoskriv ofte. Kan vere ein ide å få til noko ilag med FTIL .

**Ole Johan Vierdal:** Foreslår filmar og liknande for å promotera og heia på landbruket.

**Bjørge Karin Dysjaland:** Bra med korte og konkrete filmar i sosiale media som er lette å fordøya. Når ut til mange.

Anders Eidhammer og Sven-Kato Ege er einige og tar dette med vidare i arbeidet.

- Besøk hjå FTIL Jæren

**Anders Eidhammer:** Nyttig fagdag med innspel frå Varhaug Bondelag, Åna Kretsfengsel og ein del synfaring på prosjekt som har blitt utført rundt på Jæren. Gode diskusjonar.

### Sak 3

Runde «rundt bordet»? Kva skjer hjå dei ulike deltakarane i styringsgruppa?

**Leiv Kåre Solheim:** Etterlyser besøk hos bondelag på Karmøy.

**Anders Eidhammer:** Har prøvd å få kontakt med leiar i Karmøy Bondelag utan hell. Det er også mogleg å besøke Bonde og Småbrukarlag, Sau og Geitealslag og liknande.

**Margit Reiersen:** Fortel om Hålandsvann-prosjektet. Dei prøver å finne gode måtar for å løyse problem på tvers av forvaltning, grunneigarar og andre. Mykje «fingerpeiking» og skuldlegging hos «dei andre» når det kjem til forureininga i vassdraget. Landbruket får ofte skylda. Jobbar aktivt for å ikkje skape steile frontar og for å få folk til å snakke saman. Skape eigarskapsfølelse til prosjektet og eigarskap til miljøet.

**Anneli Vatshaug Jensen;** Regional vassforvaltningsplan godkjent. Skal innarbeidast godkjenningssdokument i planen. Ventar på nytt brev for korleis det skal gjerast. Vann-nett skal oppdaterast angående dette temaet.

Vassmiljøkonferansen hadde mange gode innlegg på avrenning og vassforureining.

**Stig Arild Helgesen:** Etterlyser kven i kommunane som skal ta tak i gjentakande problemområder i vassdrag. Han bur sjølv ved eit problematisk vassdrag i Tysvær kommune.

**Anneli Vatshaug Jensen:** Opplyser generelt om at det er kommunane som tek ansvaret, men at det kan vere andre forvaltningsorgan som må ta grep, for eksempel ved kraft-vassdrag eller liknande.

**Sven-Kato Ege:** Svarer på korleis Tysvær kommune skal ta tak i problemstillinga Stig Arild Helgesen viser til. Sven-Kato viser til for lite ressursar i kommunane for å ta tak i ting. Nemner også lite samarbeid internt i kommunen som gjør at det kan vere vanskelig å dra lasset saman i visse problemområder. Viser til tverrfagleg møte i Tysvær kommune i desember som skal kartlegge om ein kan starte eit prosjekt for å intensivere innsatsen mot eit problemvassdrag.

**Margit Reiersen:** Kunne ein aktivitet for prosjektet vere å ha innlegg på ein intern fagdag hjå NLR? Presentere vasstiltak i landbruket og de ulike RMP-tilskota.

Både Bjørg Karin Dysjaland og Anders Eidhammer er positive til dette.

- **Sak 4**

Arbeids- og framdriftsplan for prosjektstilling «Frivillige tiltak i landbruket Haugalandet» 2022-2023

Aktivitet	Kva	Tidsrom	Kommentar
Besøk hjå kommunane i prosjektet	Kartlegge fokusområder.  Bli kjent med lokale forhold.  Bli kjent med kollegaer	Heile året	Målet er besøk med 14 dagers mellomrom.  Arbeid opp mot å organisere større innsats mot gjødsellagring og silosafthåndtering i kommunane.

Opprette og oppretthalde kontakt med bønder, grunneigarar, grunneigarlag og liknande.	-Bli kjent med folk og lokale forhold.  -Skape nettverk  -Skape eit positivt og godt miljø for å få bønder og grunneigarar med på tiltak	Heile året	Prioriterer fysiske besøk framfor telefon. Viser seg ofte mest effektivt.  Auka fokus på dette frå januar og utover våren.
Teams og fysisk møte med FTIL Jæren.	-Meiningsutveksling, kunnskapsdeling, erfaringar og liknande. -Fysisk besøk	Heile året  Invitere FTIL Jæren til fysisk besøk i 2023.	Vannområdekoord. har dialog med Jæren vannområde.
Følgje opp Årvikelva	- Følger opp miljøvennlig gjødselspreiing rundt vassdraget. - Igangsatt forsøk på tverrfagleg prosjekt i Årvikelva.	Heile året.	Erfaringar kan nyttast andre plasser. Bruke erfaring frå Langåkerprosjektet.
Media/Facebook	Synleggjere prosjektet, sette lys på aktuelle saker	Heile året	Synleggjering på Facebook.
Kantvegetasjon og samarbeid med Sjøaure-prosjektet	-Organisere utplanting av kantvegetasjon. - Oppmode fleire grunneigarar til å ta vare på kantvegetasjon og å plante ny.	Mars - Desember	
Dubberselva, Haugesund	Prøve å få Haugesund kommune og grunneigarar til å utarbeide nye leigeavtalar slik at vidare miljøarbeid kan skje.	01.03.22 – 01.03.23	Organisere møte med forpaktarar og Haugesund kommune
Miljøavtalar	Følge opp eksisterande miljøavtalar i Skjoldafjorden. Arbeide for å få fleire med.	Heile året	Arbeide for å oppretthalde god praksis i gjødsellagring og handtering.  Fokus på beitegjødsling.

	Sondere for å finne nye aktuelle vassdrag for miljøavtale.		
Vindafjord	Fokus på Vatsvassdraget og Skjoldafjorden	Heile året	Sette fokus på gjødsellagring og silosafthandtering. Følge opp nyetableringar av plansiloar. Fokus på beitegjødsling.
Karmøy	Fokus på Langåkeråna, Hilleslandsvassdraget, Stolsåna, Tjøsvollvatnet, Aksnesvassdraget. I prioritert rekkefølge.	Heile året	Langåkerprosjektet. Vassprøvar og gjødselhandtering rundt vassdraget.
Tysvær	Årvikelva	Heile året	
Arbeide med finansieringa av prosjektet vidare		22.08.22 – 01.03.2023	
Alle område	Auka fokus på handtering av husdyrgjødsel, gjødsellagring og miljøvenleg spreining.  Oppmuntre og informere om søkbare midler via RMP og SMIL.	01.januar – 01. juli	

- **Presentasjon av prosjektplan 2023 etter inspirasjon frå Frivillige tiltak i landbruket på Jæren.**

Prosjektplanen blir lagt ut som eit utkast til alle i styringsgruppa og blir vedteke endeleg på neste styringsgrupppemøte.

**Margit Reiersen:** Viktig å klare å presentere konkrete tal for å vise til resultat av prosjektet. Hjelper også på når ein skal finansiere prosjektet og når ein eventuelt skal gjere om prosjektstillinga til ein fast stilling.

- **Sak 5**

Informasjon/orientering/diskusjon om vidare finansiering av prosjektet.

Tysvær kommune har foreløpig ikkje tatt med finansiering av prosjektet i budsjett for 2023.

**Ole Johan Vierdal og Margit Reiersen:** Tek kontakt med Tysvær kommune for å legge press angående finansiering i 2023.

Alle er eintydige i at det er uheldig om Tysvær kommune trekk seg ut av prosjektet.

**Sven-Kato Ege:** Seier at Tysvær i opprettinga av prosjektet også var skeptisk og ønska ikkje å delta.

**Margit Reiersen:** Seier igjen at det bør vere tydelege resultat ein kan vise til bidragsytarane om at prosjektet har noko for seg. Tydelege tal.

**Anders Eidhammer:** Skal oppdatere arbeidsplan og prosjektplan slik at tydelege tal og mål kjem med.

**Anneli Vatshaug Jensen:** Støtter det som har blitt sagt, både med tanke på at Tysvær absolutt burde vere med, og at me må bli betre til å vise kva prosjektet har oppnådd (målbare mål).

- **Sak 6**

Orientering frå Vassområdekoordinator

**Sven-Kato Ege:** Siste tids arbeid:

- Møte i tilsynsgruppa- kapittel 15 (olje og fettavskillarar) og val av ny leiar.
- Arbeidsgruppa: Fokus på sjøørretprosjekta på Haugalandet.
- Sjøørretprosjekta: oppsummering og rapportering. Habitatkartlegging i Karmøy i 2023.
- Har hjelpta kommunane med oppfølging i interne saker.
- Oppfølging av FTIL.
- Hatt møte med fylkesskogmester i Rogaland.
- Presentasjon i Aksjon Skjoldafjorden.

I oktober møte med vassområdekoordinatorane i Rogaland. Fokus på problem med hogst. Gjennomgang med fylkesskogmeisteren i Rogaland. Ein del diskusjon rundt hogstproblematikk.

**Margit Reiersen:** Spør om det går an arrangere ein fagdag saman med skogsentreprenørane. Evt med grunneigarar også? Margit seier det må vere fokus på førebygging og å skape fokus på korleis ein kan løyse problema før dei oppstår. Det er entreprenørane som har kunnskapene, kan ein utfordre dei på problemstillingane? Det hjelper ikkje kommunane å smelle i bordet når skaden først har skjedd.

**Anders Eidhammer:** Tek ideen med vidare.

**Stig Arild Helgesen:** Det er små skogsdrifter her på vestlandet. Meir profesjonelt på austlandet. Der kan skogeigarane sette krav til miljøtiltak og liknande. Entreprenørane oppleves noko uprofesjonelle her i området. Kunne absolutt hjelpe med fokus på miljøvenlege tiltak.



**Stig Arild Helgesen:** Aksjon Skjoldafjorden: Har vore eit avviklingsmøte. Siste møte i 1995. Det er pengar på prosjektet som ønskes brukt i Skjoldafjorden. Sven-Kato Ege har blitt utfordra på å presentere sjørret prosjektet for om eventuelt pengane kan brukast der.

Kan eventuelt prosjektet ta imot middel eller bidra i bruken av middel?

## Eventuelt?

**Margit Reiersen:** Lurer på kommunane sine SMIL strategiar?

**Lene Røkke Mathisen:** Seier det prioriterast vassmiljø i SMIL strategien til Haugesund kommune. Leiv Kåre Solheim og Signe Theilmann Jenssen har ikkje konkrete planer.

**Anders Eidhammer:** Tysvær kommune lurar på korleis Vindafjord har fylgt opp miljøavtalane i Skjoldafjorden.

**Signe Theilmann Jenssen:** Seier dei har knytta det opp mot gjødselplanane og sett at det stemmer overeins.

Neste Styringsgruppemøte blir bestemt å finne stad i Mars 2023 i Tysvær Rådhus, Akrdal.